
Fra: Erling Stadheim <erling@rettshjelp.vik.no>
Sendt: 28. november 2017 10:18
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: SV: Vedr. byggesøknad
Vedlegg: Søknad med vedlegg.pdf

Hei
Vedlagd søknadsdokument.
Vonar dette no er slik at du kan handsama saka.

Erling Stadheim

2017-11-08 10:49 GMT+01:00 Erling Stadheim <erling@rettshjelp.vik.no>:
Hei og takk for attendemelding.

Har no laga fullstendig søknad, ventar på skylddeling frå Kartverket.

Erling

8. nov. 2017 10:44 a.m. skrev "Marianne Aadland Sandvik"
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Det er riktig at ein som sjølvbyggjar kan søkje sjølv, men då må ein ha nødvendig kompetanse i høve søknaden, slik at den blir komplett. Viss søknaden er så mangelfull som den som først vart sendt til kommunen, så kan det stillast spørsmål ved om ein har nødvendig kompetanse til å søkje.

Ein sjølvbyggjar kan stå for utføringa av tiltaket sjølv om ein nyttar eit føretak i søknadsprosessen. Det er mest vanleg for slike prosjekt. Då sørgjer føretaket for at alle ansvarsområde vert dekt og at søknaden vert komplett før innsending, men sjølve utføringa står sjølvbyggjaren ansvarleg for.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Erling Stadheim [mailto:erling@rettshjelp.vik.no]
Sendt: 3. november 2017 14:12
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: Vedr. byggesøknad

Hei.

Torer å vera litt ueinig i kva som ligg i sjølvbyggjarreglane.

Slik eg skjønar reglane for sjølvbyggjar, søkjer eg og har heile ansvaret både for søknad og bygging. Eg må då opplysa om kva fagleg hjelp eg skal ha.

Då er det ikkje eit føretak som søkjer, men eg som sjølvbyggjar. Om eit føretak søkjer, er vel dei ansvarleg både for søknad og utføring. Då er det, slik eg ser det, ikkje sjølvbyggjarprisippet som gjeld, men dei vanlege reglane

Erling

2017-11-03 13:48 GMT+01:00 Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Du kan stå som ansvarleg for utføringa av jobben, men med hjelp av fagfolk. Ansvaret for innsending av søknaden må du overlate til eit firma med føretaksnummer. Dette inneber at du ikkje skal stå som ansvarleg for søknaden.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Erling Stadheim [mailto:erling@rettshjelp.vik.no]

Sendt: 3. november 2017 13:43

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: Re: Vedr. byggesøknad

Hei

Eg sjekkar søknaden med fagfolk slikat alt er på plass.

Men det er eg som søkjer (som sjølvbyggjar) og er ansvarleg. Er dette rett? Og treng eg noko dokumentasjon på at eg får fagleg hjelp til bygginga?

Erling

2017-11-03 13:30 GMT+01:00 Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Du kan søkje som sjølvbyggjar, ja, men du må få eit foretak til å fylle ut søknaden riktig. Då vil dei sjekke, og sørge for, at alle ansvarsområde er belagt med ansvar.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no



Fra: Erling Stadheim [mailto:erling@rettshjelp.vik.no]

Sendt: 2. november 2017 19:42

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: Re: Vedr. byggesøknad

Hei og takk for attendemelding.

Det vert litt att og fram med ansvararett. (eg som kludrar det til) Kan me då skjera gjennom ved at eg søkjer som sjølvbyggjar (det skjemaet eg har sendt inn) og er då ansvarleg for at alle byggfaga vert ivaretekne ved bygginga.?

Har sett litt på reglane/kommentarane til sjølvbyggjarpoenget og sik eg tolkar dei, har eg høve til å utføra byggjearbeidet på denne måten. Eg vil då sjølvstilt knyta til meg tømrrar (Jan Jensen) røyrleggjar, elektrikar og eventuelt andre fagfolk.

Erling

2017-11-02 15:18 GMT+01:00 Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Eg nemnde i dag at eg skulle sjekke nærare opp i kva krav som vert stilt for at ein kan vere ansvarleg søkjar for eit tiltak med krav om ansvarsrettar. For å kunne erklære ansvar i byggjesaker må ein vere eit «foretak». Dette inneber eit fortak med org.nr som kan vere ansvarleg søkjar for deg. Dei vil då gå gjennom og sjå kva ansvarsrettar som er nødvendige for deg og sørgje for at søknaden vert komplett.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

--

Med helsing

Rettshjelpar Erling Stadheim

6893 Vik i Sogn

91310284

--

Med helsing

Rettshjelpar Erling Stadheim

6893 Vik i Sogn

91310284

--

Med helsing

Rettshjelpar Erling Stadheim

6893 Vik i Sogn

91310284

--

Med helsing
Rettshjelpar Erling Stadheim
6893 Vik i Sogn
91310284